

## Kjekk basar med godt resultat.

02.04.2017



Det var folksamt på helselagsbasaren søndag ettermiddag.

Helselagsbasaren er populær, og det er alltid mykje folk. Slik var det også i år då den tradisjonsrike basaren vart avvikla i Helgheimskjellaren søndag ettermiddag. Lokalet vart fullt av villige loddkjøparar så loddsalget gjekk godt unna. Også førehandssalet av lodd der laget sine medlemmer har site på Spar, har vore svært godt.



Skikkelege trearar må det vera på ein god og tradisjonsrik basar.

På basaren var det først 5 omgangar med åresalg, før det vart bore fram kaker og kaffi medan det var salg av lodd på talongbøker. Gevinstbordet var rikhaldig, og det resulterte i mange fornøgde vinnarar.

Til slutt vart det trekt ut vinnarar på bøkene der det var gjort ein svært god jobb av medlemmene med salg på

førehand. Lista over dei heldige vinnarane av desse gevinstane vert også publisert her på Uskedalssida seinare. Basaren vart avvikla rutinert og godt av dei dyktige helselagsdamene. Grovteljinga viste eit flott resultat på rundt 42.000 til det gode arbeidet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland